ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkoconsult AS
Merethe Svarstad
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Mette Robertsen | 06.11.2023 |
| Vår: 21/9688 - 23/85352 | mette.robertsen@alver.kommune.no | |

# Midlertidig brukstillatelse - gbnr 137/63 Alver

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 1158/23** |
| **Tiltakshavar:** | Mga Eiendom AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkoconsult AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Utomhus, infrastruktur, veier for feltet og støttemurar på gbnr 137/63// Alver på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile tiltaket**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 13.10.2025.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdig stilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.05.2022.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

- Gangvegen/alléen f_BGP
- Asfalt på fortau f_SF4
- Diverse beplantning ved BLK 1 og 2

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 13.10.2025.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.10.2023, med tilhøyrande suppleringar av same dato.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Vi viser til rapport etter synfaring, datert 03.11.2023. Det går fram av bilete at asfaltering av fortau f_SF4. allereie er utført.

### Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Isdalstøbakken 59 |
| Bygningstiltak: | Utomhus, infrastruktur, veier for feltet, og støttemur |
| Bygningsnummer: | 0 |
| Bruksareal: | 0 |
| Avløp: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | 0 |

### Oppfølging av mellombels bruksløyve
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

#### Regelverk
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/9688

Med vennlig helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Mette Robertsen | Are Frøysland Grande |
| Rådgjevar | Avdelingsleiar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |
| Mga Eiendom AS | Lurevegen 850 | 5912 | SEIM |